



Til alle 10-åringar og 11-åringar i Jondal sokn, m/føresette;

Velkomen til LysVaken-helg i Jondal kyrkje 25-26.oktober 2025.

Laurdag 25.- og søndag 26.oktober 2025 vert det vert det LysVaken-helg for 5.-6.klasse i Jondal kyrkje. LysVaken er ein del av trusopplæringa i Den norske kyrkja. Alle er velkomne, både dei som er døypte og dei som ikkje er døypte. Vi legg opp til ei inkluderande samling der alle vert sett og respektert. Det vert Lys Vaken program med overnatting.

Vi møter i kyrkja kl.18.00 til velkomst, gudstenesteverkstad, aktivitetar, pizza og leik med meir. Overnatting i kyrkjeskipet. Søndagen vert det felles frokost, så øver og leikar vi litt, og vi vert medliturgar på LysVaken/ Hausttakkefest-gudstenesta 26.oktober kl.11. Detaljert info vert sendt ut 2 dagar før arrangement via sms til dei som melder seg på .

Påmelding innan 20/10. Eigenandel pr. barn er kr.100,- og betalingsfrist er 20/10 til 3530.31.15976 eller pr. Vipps nr. 717069 (Ullensvang kyrkjelege fellestråd). Merk betaling med Namn og LysVaken Jondal

Viss dykkar 10-åring eller 11-åring har trong for særskilt oppfølging eller tilrettelegging som me treng vite om, gje oss melding om dette. Så kan me saman leggje til rette for at LysVaken-samlinga vert ei flott oppleving for barnet dykkar.

Arrangementet føreset at nokon føresette er med som friviljuge og tek ei vakt eller ei anna oppgåve denne helga. Me treng 2 vakter laurdag frå kl.18.00-20.30 og 2 vakter frå 20.30-23.00. Vi treng ein føresett eller annan vaksen som kan overnatte saman med borna, frå staben stiller Anne Karin på natt. Og vi treng nokon som kan ta på seg vaken brannvakt frå kl.24.00-03.00 og frå 03.00-06.00

Ved dei ulike aktivitetene i kyrkja vert det teke ein del bilete som me ønskjer å bruke på heimesida vår og i kyrkjebladet. Me ber dykk difor skrive JA eller NEI for OK med bilete.

NB! Påmelding innan 20.oktober. Sjå neste side. **Påmelding sendast pr. e-post til Anne Karin på as476@kyrkja.no (NB! ny epost-adresse pr. 2025)**

Me ønskjer din 10-åring / 11-åring hjarteleg velkomen til LysVaken i Jondal kyrkje !

Velkomen!

Venleg helsing

Anne Karin Stormyr,

trusopplærar & kontor i Jondal sokn.



Laurdag 25/10 kl.18:

Velkomst, diverse samlingar, aktivitet, mat og overnatting.

Søndag 26/10: Frukost, gudstenesteverkstad og kl.11.00 er vi med på LysVaken/ Hausttakkefest-gudsteneste i Jondal kyrkje.

PÅMELDING INNAN 20.oktober til Anne Karin på as476@kyrkja.no

Send gjerne utfylt påmelding som bilde.

Namn på barnet:

Fødselsår og klasse:

Adresse:.....

Mobil føresette:.....

Epost:.....

Allergi el.andre merknader.:

OK med bilete? JA/ NEI

EG kan vere med som

friviljug:

Eg har verva følgjande person(ar) som

friviljug(e):

Strek under oppgåva/ oppgåvene som passar:

**Vakt laurdag 18.00- 20.30, Vakt laurdag 20.30-23.00,
vaken brannvakt 24.00- 03.00, vaken brannvakt 03.00- 06.00,
sovande nattevakt frå 23- ,
Frokostvakt frå 08.00 søndag (lagar til på kyrkjelydskontoret)
Bake kake eller bollar til kyrkjekaffien etter gudstenesta**

